



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG


Vår dato: 02.03.2020  
Vår ref: 2020/2488  
  
Dykkar dato: 04.02.2020  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til dispensasjon for legalisering av trebrygge og betongplattning - Alver - 212/45 - Eikanger øvre.

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.02.2020. Frist for uttale er 03.03.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon for legalisering av trebrygge og betongplattning. Bryggja er opplyst å vere ca. 9m<sup>2</sup>. Betongplattingen er opplyst å vere ca. 60m<sup>2</sup>. Bryggja og betongplattning er opplyst etablert i 1967-1968. På tidspunktet for etablering var tiltaka søknadspliktige etter plan- og bygningslova av 1965, ikraftreden 01.01.1966. Heimelshavar ønskjer no å få legalisert dei etablerte tiltaka.

Det er naudsynt med dispensasjon frå arealformål bustad og frå byggeforbod i 100 metersbeltet langs sjø i plan- og bygningslova § 1-8.





### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

I saker der det er oppført ulovlege tiltak skal dei handsamast som om tiltaka ikkje var oppført. Mellom anna har Sivilombodsmannen slått fast dette som prinsipp.

Slik vi har forstått saka er det fleire andre ulovlege tiltak i nærleiken. Vi meiner det er viktig og sjå denne saka i samanheng med eventuelle andre ulovleg utførte tiltak i området. Kommunen må vurdere verdien av strandsona slik den hadde vore om dei ulovlege tiltaka ikkje hadde vore der. Om det er mange ulovlege tiltak i nærleiken er også faren for uheldig presedens stor.

Etter det vi kan sjå på flyfoto og foto i saken, bestod strandlinja her av svaberg som hadde gode landskapskvaliteter før tiltaka vart bygga. Vi kan i utgangspunktet ikkje sjå at det er grunnlag for eit så stort og privatiserande inngrep i byggjeforbodsona.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*